

Treng du råd til korleis du kan hjelpe og motivere ungdommen din best mogleg?

FAU ved Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule arrangerer felles storforeldremøte for ungdomssteget på Hafslo samfunnshus **onsdag 15. april kl. 19 -21.**

Foreldre som har elevar i 7. klasse er òg velkomne til arrangementet.

Det er kiosksalg i pausen.

Foredragshaldar Mia Børjesson er ein av Nordens mest etterspurde innan temaet *motivasjon*. Ho er utdanna sosionom, sertifisert coach og har diplomutdanning i løysingsfokusert korttidsterapi. Ho er ein erfaren praktiskar, og har jobba med ungdom i over 30 år. Tankar rundt sjølvtilitt, motivasjon og meistring står sentralt i alt Mia formidlar.



På formiddagen vil Mia Børjesson halde eige foredrag for å inspirere og motivere ungdomane og lærarane våre på ungdomssteget, og på ettermiddagen vil ho bidra til at me som foreldre, får nyttige råd om korleis vi kan hjelpe og motivere ungdomane best mogleg.

Luster Sparebank og Folkeakademiet har gitt oss midlar, så vi har fått høve til å invitere Mia Børjesson.



Vel møtt!!

For å skaffe oss eit oversyn over deltakarar, ber me om at de returnerer svarslippen til skulane innan torsdag 9.april 2015. (For 7.klassingane - deira barneskule)

Deltakarnamn: